

REFERAT FRÅ FORELDREMØTE 3 KLASSE 09.09.05

Møtet vart halden av klassestyrar Katrine Marøy.

Møtet blei opna med utdeling av badelister og eit brev frå helsesyster.

Presentasjon av timelærarane : Jane, Jannice, Torill, Kristin H og Kristin M.

Me fekk ny informasjon ang gymtimane og badetimane. I gymtimane SKAL elevane bytta klede, både før og etterpå. På beina må dei ha gymsko, sklisokkar eller gå barbeint. Dei skal ha gym kvar mandag og annankvar onsdag. Skal stå på planen.

I badetimane skal borna IKKJE vaske håret. Jentene bør ha håret i strikk eller flette. Er fint om dei kan ha med ein plastpose til det våte badetøyet. HUGS : å merke utstyret med navn. !!!

Vidare vart det informert om ulike dagar ein må merka seg ;

2 Oktober : Haustdag.

10-11 Desember : Juleverkstad.

16 Desember : Juleavslutning.

21 Desember : Julegudsteneste kl 11.00.

20 April : Klasseforeldr møte.

3.klasse skal somme gongar ha uteskule torsdagar 4 og 5 time, det vil stå på planen.

Vert lagt stort fokus på lesing i år. Elevane skal lese 15 min heime kvar dag.

Me fekk presentert læreverk og årsplanar i norsk, matte, engelsk, natur og samfunnsfag og KRLE.

Skulen har ein del forventningar til elevane :

Gjera leksene, ha med seg naudsynt utstyr, oppføre seg bra, god folkeskikk.

Foreldra må framsnakka skulen !!!

Skulen jobbar med ulike formar for mobbearbeid ; inspeksjon i friminutta, Zero samling, elevsamtalar, skule-heim samarbeid, Steg for steg, observere og rettleie elevane, høgtlesing i bøker om vennskap.

Katrine opplever at det sosiale miljøet i klassen er bra.

Me vart enige om å betale inn 150 kr til klassekassen. Katrine skriv kontonr på planen.

Ellers vert det fotografering i Oktober, både klassebilde og portrettbilde.

Til slutt hadde klassekontaktane ordet. Dei planlegg ein spelekveld for elevane med foreldra no i haust. Kom gjerne med innspel!

Mvh Britt Iren Låstad Myking , skrivar.